



Advokat Vegard Nataas
Kaigaten 1D
5015 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1735 - 18/25222

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.08.2018


Svar på førespurnad om status i sak - gbnr 124/1 Kjeilegavlen

Vi viser til din førespurnad om vidare saksgang for søknad om frådeling av naust og brygge på gbnr 124/1. Søknaden om dispensasjon og deling er no klar til handsaming.

Førebels vurdering:

Administrasjonen er etter ei førebels vurdering negativ til søknaden slik den ligg føre. Dette er i hovudsak knytt til storleik på tomten. Vi stiller spørsmål ved om det er nødvendig å dela frå om lag 450 m² nausttomt for å kunne overføra naust og brygge til ny eigar. Å gje dispensasjon slik det er søkt om vil kunne skapa presedens for andre søknader om etablering av nye nausttomtar og kunne gje forventning om å etablere andre tiltak på tomta. Tiltaket vil på denne måten kunne setja både strandsonevernet og friluftsiinteressene til side.

Administrasjonen vil derimot kunne tilrå ei frådeling av naust og brygge med nødvendig areal rundt og der tilkomst til området vert løyst ved at det vert etablert avtale om vegrett over hovudbruket. Delinga vil då kunne vurderast i forhold til reglane om uendra bruk.



Dersom det er aktuelt å redusera arealet slik vi tilrår ber vi om tilbakemelding innan 03.09.2018.

Privatrettslege forhold:

Kommunen har blitt kontakta av fleire grunneigarar i området som har båtfesterettar på det omsøkte tomtearealet. Det kan vera oppklarande for saka med ei kort tilbakemelding frå søkjar på dette sjølv om vår førebelse vurdering er at dette i utgangspunktet er forhold av privatrettsleg art som partane sjølv må ordna opp i.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Advokat Vegard Nataas

Kaigaten 1D

5015

BERGEN